Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10

Fylke: Hedmark

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Engerdal

Emne: Lynging og mosing

Bygdelag: Drevsjö

Oppskr. av: Andreas Ropeid

Gard:

(adresse):

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Dorthinus Sörjoten, f. på Sörjoten 12/9 1881. Bonde på Drevsjö.

SVAR

I A.

Gamalt var det ikkje uvanleg å ta lyng om våren i fôr-knipa, men D. S. har ikkje gjort dette sjölv, og kjenner lite til framgangsmåten.

B.

D. S. kjenner ikkje til at lyng vart nytta som beite.

II

1. Det vert sanka mose ennå.
2. Mosen er årvisst fôr, høyrer til grunnfôringa.
3. Ein vil helst ha vått vêr når ein tar mose, for mosen skal vera våt.
4. Før drog både mannfolk og kvinnfolk ut for å ta mose; nå er det berre mannfolka.
   Arbeidet varer oftast 3-4 dagar.
   Ein ligg heime.
5. Tidlegare brukte ein harke (stor, sterke rive) til å ta mose med, seinare grip. Greipet

8197

Kom til bygds i åra før 1900.

Mosen vart/vert raka saman med harke/greip.

Det heiter å ta mose, vera på mosetaket.

6. Mosen vert ikkje boren heim straks.

7. Mosen vert sett opp i haugar som kallast <u>lass</u>.

Ein treng ikkje bera mosen noko stykke for å få i hop eit lass.

Det er eit sla-lass i eit <u>lass</u>.

Ein kjørde oftast heim på første snøen, og trong ikkje då ta omsyn til snødjupna seinare på vinteren. Om ein skulle tenne, måtte ein ta omsyn til snøen.

Det er ikkje vanleg å dekka over mosen, heller ikkje er det vanleg å leggja noko under lasset. I Sverige er det derimot vanleg å leggja stokkar under.

Lasset skal speke (fryse) ihop, difor må det vera fast.

Ein tar ikkje tørr mose.

Det er ikkje vanleg å leggja noko rundt <u>lasset</u>.

Det er ikkje vanleg å setja merke på <u>lasset</u>.

8. Dersom det høver best å tenne, vert det gjort. Lassa vert då ~~bikka opp~~ lagt på sida så det er lett å bikka opp på slaen.

9. Ukjent

10. Mosen vert lagt på ein „måsåkjell" oppunder røstet på låven; den tina fortare då enn om den låg ute.

11. Ku, sau og geit får mose.

Dei får den oftast åleine.

12. Mosen er rekna for godt før.

8197

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Annen mose

1. Det vor ikkje vanleg å ha gris
2. Ukjent at ein nytta skjegglav som fôr.

8197